

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Sandane, 24. mai 2018

Dykkar referanse: 201833013

Høringsinnspel – Forslag til endring av kontrollforskrift om mellom anna innføring av anleggsbidrag i maska nett

Innspill til høringssvar til NVE med referanse 201833013

Vi viser til pågående høring av kontrollforskrifta for nettverksemda skildra i høringsdokument nr 6-2018 «Forslag til endring i forskrift om kontroll av nettvirksomhet».

Høringsinnspelet kjem frå Svelgen Kraft Holding AS (SKH). SKH er lokalisert i Sogn og Fjordane, og har ein årleg vasskraftproduksjon på ca 700 GWh. SKH eig også dei konsesjonsgjevne vindkraftprosjekta Lutelandet (45MW) og Bremangerlandet (80MW), og eig saman med italienske Falck Renewables S.p.A vindkraftprosjekta Hennøy (50MW) og Okla (21MW). Hennøy vindkraftverk er under utbygging, medan dei tre andre prosjekta er i detaljplanleggingsfase med mål om investeringsbeslutning i løpet av 2018/19.

Vi vil med dette meddele NVE våre vurderingar i saka. I dette notatet løftar vi fram og oppsummerer hovudpoenga, i prioritert rekkefølge. Vi tar også med to konkrete prosjekteksemplar fra vår portefølje, der vi vurderer konsekvensar av den foreslalte ordninga med anleggsbidrag i maska nett. Vi har anonymisert prosjekteksempla med tanke på bruk i ein offentlig høringsuttalelse. I tillegg har vi skrevet inn meir detaljerte vurderingar og merknader i vedlagte versjon av høringsdokumentet fra NVE.

Våre hovudpoeng:

- Diagnose og kur: Innleiingsvis og prinsipielt er vi samd i rasjonalet bak forslaget frå NVE til anleggsbidrag i maska nett, der ein ønskjer å gje prissignal til aktørane som påfører nettselskapet store investeringar i det som i dag vert kalla maska nett. Utfordringa er å balansere regelverket på ein måte som gjev prissignal, men ikkje skaper hinder som gjer at samfunnsøkonomisk gode prosjekt ikkje vert realisert. Der meiner vi forslaget som NVE har sendt på høring tek for hardt i, og går for kraftig til verks i tiltaka som vert foreslått. Vi meiner regelverket som vert foreslått vil føre til at mange nye vass- og vindkraftprosjekt ikkje vert realisert, og at nasjonen dermed går glipp av betydeleg verdiskaping.
 - Løysing: Nedanfor kjem vi med forslag som gir prissignal til aktørane, men dempar dei negative konsekvensane for dei enkelte prosjekta og samfunnsøkonomisk verdiskaping.
- Føreseielegheit og overgangsordning: Forslaget om endra regelverk for anleggsbidrag påfører uheldig usikkerheit for våre vindkraftprosjekt, som etter mange års konsesjonsprosess og prosjektutvikling no er på oppløpssida for å fatte investeringsbeslutning. Rammevilkåra kan her vorte endra bokstavleg talt over natta. NVE sitt forslag inneber at dei prosjekta som ikkje hadde

inngått bindande nettavtale innan den dagen forskriftsendringane vart sendt ut på høyring, vert underlagt det nye regelverket for anleggsbidrag i maska nett. Norge vert framstilt og oppfatta som eit stabilt regime, og slike prosessar skapar därleg rykte for investorar som vurderer å satse i Norge. Dei fleste nye vass- og vindkraftprosjekt har marginal lønsemd og toler ikkje betydeleg auka nettkostnad – eller den usikkerheit som den foreslår ordninga fører med seg. Det er stor aktivitet med å få prosjekt gjennomført innan utløpet av elsertifikatordninga 31.12.2021, og at Norge får del i størst mogleg andel av investeringane som vert gjort i elsert marknaden.

- Løysing: Utsette fristen for innføring av ordning om anleggsbidrag i maska nett, der den nye ordninga vert gjort gjeldande for perioden etter 2021. Sekundært at prosjekt som har inngått bindande nettavtale i løpet av 2018 vert ikkje omfatta av ordninga. Det gjev ein mulighet for at godt modna prosjekt får anledning å fullføre arbeidet med å kome over i realiseringsfasen.
- Løysing: Vi meiner vidare at kriteria NVE legg til grunn for å definere kva prosjekt som er omfatta ordninga er streng (§16-12), og inneber ei grenseflate knytt til kva prosjekt som er innanfor det nye eller gjeldande regelverket. For eitt av våre prosjekt (eksempel Vindkraftverk 45MW nærmere omtala nedanfor) er det inngått tilknytingsavtale med nettselskapet, og det er utført kostbar detaljprosjektering av tredjepart konsulentselskap. Men det er enno ikkje fatta investeringsvedtak og følgjeleg inngått bindande kontrakter for linjebygging, transformator og eventuelt oppgradering av maska nett. Er prosjektet innanfor eller utanfor det foreslår regelverket? Mykje vert her nærmere avklara i løpet av 2018, og ei forskyving av frist for bindande tilknytingsavtaler ville vore til hjelp for vidare investering i dette marginale prosjektet.
- Avgrensing av ordninga i maska nett: Dagens nettinfrastruktur er samansett og kompleks, og det er mange bidragsytalar til at nettselskapet må oppgradere og utføre tilleggsinvesteringar i maska nett. Ordninga som er på høyring inneber eit betydeleg utfallsrom i nettselskapet si tolking av kor langt bakover i det maska nettet som nye produsentar/uttakskundar kan verte kravd anleggsbidra for.
 - Løysing: Dersom nettselskapet får høve til innkreving av anleggsbidrag i maska nett må det definerast ei tydeleg avgrensing. Vi foreslår at nettselskapet kun kan kreve anleggsbidrag i maska nett fram til første koblingsstasjon eller transformeringspunkt. Øvrige oppgraderingskostnader i det maska nettet må adresserast til nettariffen. Ein slik modifisering av forskrifta meiner vi vil etterleve NVE sin intensjon om å oppnå eit betre prissignal for nettinvesteringar i maska nett utløyst av nye nettkundar. Vi viser til vedlagde einlineskjema nedanfor som viser forslag til avgrensing av anleggsbidrag (Vedlegg 1)
- Spleiselag – men med kven? Usikkerheit knytt til det faktiske investeringsbehovet i overliggande nett er ofte stort og er avhengig av øvrige kraftutbyggingsplanar i området, planar til øvrige nettkundar og nettselskapet si prioritering når det gjeld reinvestering. Her må vi på basis av uklare svar frå nettselskapet anta kva som blir realisert av andre planar når vi skal utvikle eit vindkraftprosjekt. Usikkerheita knytt til «først og sist til mølla» om kven som faktisk utløyser ei nettinvestering vil også kunne skape stor usikkerheit i prosjektutviklingsarbeidet. Her er det fare for at alle 'sit på gjerdet', og prosjekta ikkje kjem over i realiseringsfasen. Mange investorar i vindkraftbransjen skyr usikkerheit og risiko. Resultatet vert at ei rekke nye kraftutbyggingsarbeid (og effektuttak?) ikkje vert realisert.


- Løysing: Her har dagens ordning med tilknytingsplikt og tariffar betre effekt enn forslag om anleggsbidrag i maska nett. Eventuelt ein kombinasjon med noko anleggsbidrag i maska nett (reduksjonsfaktor betydelig lavere enn 0,5) og nettariff.
- Anleggsbidrag i sentralnettet: Forslaget frå NVE omfattar også innføring av anleggsbidrag i transmisjonsnettet. Tiltak i transmisjonsnettet er ofte kostbare, men gir nytte for fleire aktørar. Utløysande aktør for tiltak i transmisjonsnettet vil her verte møtt med ein stor kostnad.
 - Løysing: Framleis handtering over innmatingstariffen, der det ligg framlegg i eiga sak om auke til 1,1 øre/kWh. Eventuelt kombinert med prissignal til konkrete utløysande prosjekt i form av mindre andel av investering som anleggsbidrag (mindre enn den foreslalte faktor 0,5); eksempelvis faktor 0,1 – 0,3.
- Presisjon, involvering og klageadgang: Ei ordning der anleggsbidrag i maska nett vert tillate må også omfatte auka involvering av produsentar som skal bære anleggskostnadene. Dette problemet er også reelt under dagens ordning/regelverk og vil bli vesentlig forsterka dersom anleggsbidrag også skal tillatast i maska nett. Praksis i dag er at produsentar i liten eller ingen grad har innverknad på kva netttiltak som nettselskapet (monopolisten) vurderer som naudsynte og samfunnsøkonomiske i det maska nettet som følge av tilknyting av nye kraftverk. Ei ordning der anleggsbidrag omfattar maska nett vil innebere investering i nettløysingar som kjem mange nettkundar til gode, og bruken av skjønn i fordeling av anleggsbidrag vil i større grad by på utfordringar og grunnlag for å utfordre krav om anleggsbidrag frå nettselskapet. Krav om større involvering av prosjektutviklar for å påvirke monopolisten/nettselskapet i retning av ein meir bedriftsøkonomisk tilnærming vil vere ein naturleg konsekvens av ordninga som er foreslått. Det er viktig for aktørane at berekningane vert gjort transparent og føreseieleg. Nettselskapa har insentiv for å skyve kostnader over på produsentane, framfor å dytte kostnader over på uttakskundane; for å unngå høge nettariffar. Det må vere høve til å klage på nettselskapa sine fastsette anleggsbidrag. Her kan mykje ressursar gå med på administrasjon og teknisk/juridiske forhold.
 - Løysing: Her har dagens ordning med tilknytingsplikt og tariffar betre effekt enn forslag om anleggsbidrag i maska nett. Eventuelt kombinert med prissignal til konkrete utløysande prosjekt i form av mindre andel av investering som anleggsbidrag (mindre enn den foreslalte faktor 0,5); eksempelvis faktor 0,1 – 0,3.

Eksempel på konsekvenser av en slik endring av anleggsbidragsordningen

Vindkraftverk 45MW. Prosjektet er planlagd med ein 132kV produksjonsradial frå kraftverket til ein 66kV sub-stasjon (A) som ligg på enden av eit omfattande 66kV nett med flere sub-stasjonar, inkludert nedtransformeringar og 66kV avgreiningar. Mellom Sub-stasjon A og overliggende sub-stasjon (C2) (132/66kV) er eksisterande 66kV nett planlagd oppgradert til 132kV systemspenning i form av utskifting av transformeringspunkt i tre transformatorstasjonar (A, B og C1) med tilhøyrande brytaranlegg. Kostnadane for denne oppgraderinga er estimert til ca 60 mill kr. Dersom Vindkraftverket skal bære kostnadar for dei regionale nettinvesteringane (maska nett) vil prosjektet vurdere å nedskalere yttinga i parken, til under 39MW, slik at eksisterande 66kV løsning vert oppretthalden. Dette for å unngå anleggsbidrag i overliggende regionalnett. Samtidig er det høgst usikkert om andre prosjekt som vert tilknytt likevel vil utløyse 132kV systemspenning eller om nettselskapet uansett vil kreve 132kV systemspenning grunna tekniske krav til kraftsystemet og evt. reinvesteringsbehov som måtte være.

I enden av det maska nettet planlegg Statnett installert ein ny 420/132kV transformator på 300MVA. Investeringskostnaden er anteke å vere ca 100 mill kr. Transformatoren er ikkje beslutta. Fleire nye vasskraftverk i området er, sammen med vindkraftverket, med på å utløyse denne tilknytningsplikta og investeringa for Statnett. Ein fellesnemnar for alle desse prosjekta er at dei har marginal lønsemdund og no finreknar ein på om investeringsbeslutning skal takast. Det nye regelverket som er på høyring har skapt ein usikkerheit som gjer det krevjande å realisere prosjektet, ikkje minst i forhold til finansiering av prosjektet. Ein risikerer at prosjektet blir nedskalert til ein design som verken er bedriftsøkonomisk eller samfunnsøkonomisk. Ein balansering av prosjektet til maks ytelse for 66kV nettilknyting vil (dersom prosjektet finn det lønsamt) innebere vesentlig større overføringstap i nettet og høgre marginaltap/innmatingstariffar for alle produsentar i dette regionalnettet. Dette vil også være ei nettløsning med større spenningsvariasjoner i regionalnettet og ein teknisk mindre god løsning enn ein 132kV nettløsning der vindkraftverket utnytter vindkraftressursen optimalt. Samtidig vil terskelen for nettilknyting av framtidige produsentar (i dette området uten forbruksvekst i dag) vere stor då dette etter alt å døme vil utløyse 132kV systemspenning i området. Dette eksemplet illustrerer ein lite hensiktsmessig nettløysning som vil kunne bli konsekvens av forslag til endring i kontrollforskrifta om å tillate anleggsbidrag i maska nett.

Eksempel 45MW kraftverk



Vindkraftverk 80MW er planlagt tilknytt med ein 132kV radial fram til planlagt 132 kV ringforbindelse som er primært initiert av forsyningsmessige årsaker i området. Sjølvé nettkonfigurasjonen for den planlagde 132kV ringforbindelsen ut frå sentralnettstasjonen er avhengig av andre kraftprosjekt, herunder eit anna vindkraftverk. Etter dagens ordning vil anleggsbidraget for prosjektet avgrensast til produksjonsradialen og 132kV tilkopling i det maska nettet. Ein endring der prosjektet skal ta del i kostnadene i maska nett vil kunne medføre stor usikkerheit i prosjektet si lønsemdund slik det no ligg føre. Dersom prosjektet vert omfatta av ordninga om anleggsbidrag i maska nett vil dette kunne få konsekvensar for foreliggende prosjektplanar for vindkraftverket og sjølvé nettilknytningsløysinga.

I tillegg har Statnett vedteke installering av ein ny 300MVA sentralnetttransformator i innmatingspunktet i sentralnettet, der kraft frå mellom andre dette vindkraftverket og frå ein anna vindpark skal matast inn. Investeringsa er estimert til ca 100 mill kr. Eit eventuelt anleggsbidrag frå denne investeringa i sentralnettet påfører begge prosjekta ein tung byrde, og påfører eit hinder for realisering av desse prosjekta.


Sandane 24/5-2018



Martin Holvik

Dagleg leiar

Svelgen Kraft Holding AS



Stig Svalheim (sign.)

Assisterande dagleg leiar

Svelgen Kraft Holding AS

Vedlegg:

1. Einlineskjema – nettkomponentar omfatta av anleggsbidrag
2. Høyringsforslaget frå NVE med Svelgen Kraft Holding sine merknader

Vedlegg 1: Einlineskjema – nettkomponentar omfatta av anleggsbidrag

